

Lindås kommune  
v/ byggesak  
5914 ISDALSTØ

Samt naboar

Silje og Paul Menzies  
Storneset 16 A  
5915 Hjelmås

Leknes 24062014

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN for gbnr 195/218, Storneset Aust  
Vi ønskjer å føre opp garasje på 49 m<sup>2</sup> på vår eigedom gbnr 195/218. Jf. reguleringsplan for området, Storneset Aust (PlanID: 1263-13022002), pkt. 3.4.1 er utnyttingsgraden for eigedomen avgrensa til TU=25%. Med oppføring av garasje vert utnyttingsgraden overskriden med 6% til ca 31%, vi søker hermed om dispensasjon frå reguleringsføresegnene med omsyn til tomteutnytting.

Grunngjeving for søknaden.

Etter kvart som vi har etablert oss på staden, ser vi behovet garasjeplass til våre bilar, samt lagringsplass for ulikt tilhøyrande utstyr til bilar og anna.

Bygging av garasje er ein del av ei oppjustering/ferdiggjerung av utearealet mot aust. Med oppføring av garasje plassert slik omsøkt med grøntareal på topp av garasjen, vil dette gje oss eit samanhengande grøntområdet på denne sida av huset og dette vil gje oss ei betre utnytting av tomte enn slik tilhøva er i dag.

Jf. *grad av utnytting* skal parkeringsplassar (18 m<sup>2</sup>/plass) inngå som ein del av arealrekneskapen ved utrekning av TU. Slik at eksisterande situasjon med 4 parkeringsplassar har utnytting på ca TU= 30 %. Det er usikkert om dette vert rekna med ved innsending av byggesøknad i 2004/2005. 2 av desse P-plassane for eigedomen vert no plassert i garasjen. Avviket frå tomteutnytting i høve dagens situasjon er berre 13 m<sup>2</sup>/TU opp 1% til 31%. Den nye løysinga vil då berre gje eit minimalt avvik i høve det som er godkjent i dag.

Me håpar kommunen vil gje oss dispensasjon slik at vi kan setje opp garasje.

Med Helsing

Silje og Paul Menzies